



Notat

Dato: 18.05.2017
Arkivsak: 2014/10200-5
Saksbehandlar: lenfjel

Til: Utval for Opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Internasjonale aktivitetar ved dei vidaregåande skulane i Hordaland - rapport 2016

Hordaland fylkeskommune har gjennomført årlege kartleggingar av dei internasjonale aktivitetane ved dei vidaregåande skulane sidan 2007. I 2014 blei det bestemt at kartleggingane skulle gjennomførast anna kvart år.

Målet med kartlegginga er å få oversikt over aktivitetar og aktivitetsnivået til skulane, og dessutan motivasjonen bak og eventuelle hindringar for det internasjonale arbeidet. Kartlegginga er viktig for på best mogleg vis å kunne følgje opp skulane på ein systematisk måte i arbeidet med internasjonalisering i opplæringa.

Vedlagt er rapport om den internasjonale aktiviteten i dei vidaregåande skulane for 2016.